



| Saknr. | Utval           | Møtedato   |
|--------|-----------------|------------|
| 040/24 | Samfunnsutvalet | 08.05.2024 |

## Framlegg til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk - høyring

### Vedlegg i saka:

|            |  |
|------------|--|
| 22.04.2024 | Høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk i Gloppen kommune |
| 22.04.2024 | Kunngjering  |
| 22.04.2024 | Informasjonsbrosjyre   |
| 22.04.2024 | Melding  |

### Kommunedirektøren si tilråding

Samfunnsutvalet har ikkje merknad til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Fristen for å sende fråsegna er 21.05.2024. Det er invitert til eit informasjonsmøte den 7. mai klokka 19.00 i Breimshallen.

#### Fakta i saka

Re Energi AS ønskjer å bygge Re Energi Kraftverk i Storelva. Dei har sendt melding til NVE som har sendt melding med forslag til KU-program på høyring. NVE ønskjer innspel til kva utgreiingar som bør gjennomførast før det blir utarbeidd ein konsesjonssøknad om bygging av kraftverket.

Kort skildring om utbyggingsplanane (kopierte frå høyringsbrevet):

*Re Energi ønskjer å utnytte delar av fallet i Storelva i Gloppen kommune til kraftproduksjon. Dei nedste ca. 3,3 km av elva vil bli fråført vatn. Maksimal slukeevne for vasskraftverket er 60 m<sup>3</sup>/s, installert effekt 28,5 MW og årleg middelproduksjon er estimert til 90 GWh. Middelvassføringa i elva er 27,5 m<sup>3</sup>/s ved inntaket. Kraftstasjonen er planlagt kopla til eksisterande nett ved hjelp av ein 22 kV jordkabel til Reed sekundærstasjon, som ligg ca. 200 m nord for Breimshallen.*

#### Økonomiske konsekvensar for kommunen

Kommunen er grunneigar for ein liten del av fallet (gbnr. 113/13 og 102/10), og kommunen vil få skatteinntekter ved ei eventuell utbygging. Dei økonomiske konsekvensane for kommunen bør likevel ikkje vere førande for kommunen si handsaming på det noverande tidspunktet.

#### Konsekvensar for klima og miljø

Utbygging av rein energi er positivt for reduksjon av klimagassutslepp, men det er viktig for lokalt naturmangfald å sikre at konsekvensane av utbygginga er godt kjent, og at det vert gjort eventuelle avbøtande tiltak. Tilbakemelding på denne meldinga er viktig for å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag.

#### Sosiale konsekvensar

Utbygging av kraftverk kan inneber stort lokalt engasjement. Det er viktig å oppretthalde tilliten til at avgjerder vert fatta på rett grunnlag.

#### Vurdering opp mot planverk

Eventuelle funn vil kunne nyttast i annan kommunal planlegging.

**Kommunedirektøren si vurdering**

Det er lagt frem eit framlegg til utredningsprogram som ber preg av at mange av temaene vart utgreidd i regi av Breim Kraft AS før søknaden tilbake til 2011.

Det er NVE som har ansvar for å vurdere heilskapen, og om utredningsprogrammet tilfredsstillir krava det gjeldande regelverket.

Kommunedirektøren har ikkje framlegg til konkrete endringar.

**Samfunnsutvalet 08.05.2024****Behandling****SAMF- 040/24 Vedtak**

Samfunnsutvalet har ikkje merknad til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk